


# **"Barnetråkk"**

**Rapport over dei friluftsområda  
barnehagane nyttar og deira kvalitetar.**



**Forarbeid til kommuneplanen sin arealdel.  
Kvam herad, 19.03.2002  
"Barnerepresentanten"  
Jorunn Øyen.**

### **Frå Notre-Dame de Paris. (1831)**

"Litt etter litt strømmer husenes flodbølge, stadig presset utover fra byens hjerte, over denne murringen, gnager på den, sliter på den, visker den ut. Filip August reiser et nytt dike mot den. Han fengsler Paris i en sirkelrund kjede av svære tårn, høye og solide. I mer enn et århundre presser husene seg mot hverandre, hoper seg opp og stiger i dette bassenget, som vann i en beholder. De begynner å bli dype, legger etasje på etasje, de stiger opp på hverandre, sveller i høyden, som alle innestengte safter, de kappes om å få hodet opp over naboen for å få litt luft. Gaten blir dypere og dypere og snevres inn; alle plasser fylles ut og forsvinner. Endelig hopper husene over Filip Augusts mur, sprer seg muntert ut over det åpne lendet, uten orden, på kryss og tvers, som en flokk kveg på avveier. Der brer de seg, skjærer seg ut hager av jordene, gjør seg det behagelig. "

**Av Victor Hugo, (1802-85) .**

Henta frå; "Verdens litteraturhistorie, Romantikken 1800-1830, bind 7. "

**Men kva med borna?**

**Kor langt kan dei hoppe for å finna  
eit opent lende?**

# **ÅLVIK**

## **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**

- \* Fuglaskogen – ved Auganæsbakken**
- Skuleplassen**
- Auganæsbakken**
- Storhaug**
- 
-

# BARNETRÅKK.

*Eg vil byrja med å presentera dei natur-områda me i Ålvik  
barnehage nyttar oss av.*

## FUGLASKOGEN (ved Auganæsbakken)

*Dette er eit kjempe-frott skogsområde, utfordrane terreng for borna.  
Store steinar å klatra på, frott ulendt terreng.  
Barnehagen brukar denne som "sin" skog, me har klippt ned ein  
del buskar og kratt for at det skulle verta lettare å koma seg fram.  
Me har hengt opp eit slengtau, til stor glede for dei litt eldre borna.  
Det tar litt lang tid å koma seg til denne skogen (ca. 30 min.)  
så det egnar seg derfor best for dei eldre borna.  
Derfor benyttar me også heile dagen når me går på tur til denne  
plassen.*

## SKULEPLASSEN

*Utfordrande leikemiljø for alle borna på alle alderstrinn.*

*Kort veg å gå.*

*Bør helst bruka dette området etter skuletid kl. 14.00, eller når  
skulen har stengt.*

*Dette er eit område som alle borna er kjend med.*

*Dei brukar det mykje på kveldstid saman med foreldra.*

*Mangen av borna har også vore med foreldra på dugnad her,  
og har på den måten fått eit slags "eigar" forhald til plassen.*

*Det er fleire som avtalar å møtast på skule-plassen etter  
barnehagetid.*

## AUGANÆSBAKKEN(akebakke om vinteren)

*Kjempe-fin , lang akebakke me brukar når det er snø.  
Deter vel den einaste “trygge” akebakken i Ålvik, og vert derfor  
mykje brukt av borna både i og utenfor barnehagetida.  
Er det frott vær tar me med nistepakken og er der heile dagen.*

## STORHAUG

*Eit område med ulendt terreng ,og utfordringar som egnar seg for  
alle borna. Men det er ganske bratte skråningar som gjer at me  
ikkje brukar det så mykje no som me gjorde før.  
Det er ikkje langt å gå frå barnehagen.  
Passar best å gå i små grupper.*

*I denne rapporten vil eg skriva om Fuglaskogen som er den skogen  
me brukar aller mest.  
Etterat me er ferdig å rydda og klippa vekk buskar og kratt,  
vil me laga oss ei slags hytta med presenning over.  
Der me kan eta nista våres når det regner.*

*Me vil i år la dei eldste borna få gå flest gonger i denne skogen.  
Dei har ekstra behov for å koma seg ut i ulendt terreng.  
Dei har også vore mange år i barnehagen, og ønsker  
eit meir utfordrande miljø enn uteleikeplassen i barnehagen  
kan gje dei. Me ser og at dei setter meir pris på uteleikeplassen  
i barnehagen når dei har vore på tur nokon dagar.*

*Me har ein del jenter på 5 år som ikkje er dei som jublar høgast når  
me skal i skogen, men når me er der stor-kosar dei seg.  
Jente 5 år : “Håpar ikkje eg skal i skogen i dag og, eg må jo  
vera litt i barnehagen og.  
Når me høyrar utsagn som dette, seier det oss at det er viktig*

*å gjera begge delar. Det er viktig å berika bornas kvardag med turar i skogen, samtidig med at det er viktig at borna får vera i barnehagen. Me får sei som Ole Brumm : "Ja takk begge deler".*

## EIN DAG I FUGLASKOGEN.

*Idag er det 5.åringane nede, og 3 av borna på avdelinga oppe som skal på tur ilag med 3 vaksne.*

*Det er srålande vær.*

*Me pakkar sekkene og legger i veg.*

*Medan me går, er det ein gut på 5 år som delar gleda si med oss andre: "Hei hå dette er godt, været er flott, dette blir topp."*

*Me ser at borna kosar seg, me småpratar ilag og stemninga er veldig god.*

*Det var litt vått og glatt å koma inn i skogen idag , nokon av borna treng litt ekstra hjelp.*

*Når me er inne i skogen finner borna noko å gjera på med ein gong. Det er lite av at nokon ikkje får vera med , eller utsagn som: kva skal me finna på.*

*Borna finner på noko heile tida.*

*Frå før har ein voksen lagd ein vev mellom 2 trær, nokon av borna finner surblader som dei vever med på denne veven.*

*Andre born klatrar på kjempe-store steinar.*

*Ein voksen vert med nokon born opp til slengtauet som me har hengt opp i eit tre.*

*Plutseleg vil alle 5 åringane prøva slengtauet.*

*Borna holder på med dette ei stund før dei finner på noko anna.*

*Alle borna er blide og glade, noko sitter og nynner.*

*Eg sitter og ser på borna.*

*Ei jente kjem bort og spør om eg vil ha ein godtepose.*

*Det vil eg, eg kjøper ein godtepose som består av : blad, gras og surblad.*

*Ein gut kjem bort til oss.*

*“Eg fann ein veg der borte”. Eg og nokon born vert med og ser på vegen. Kor går denne vegen ??*

*Etter mykje leiking og ein del masing om kor tid me skal eta, er det mat ( ein halv time før me pleier)*

*Borna eter og kosar seg.*

*Etter mat finner igjen borna noko å gjera på.*

*Alle får vera med.*

*Nokon av gutane klatrar igjen på dei store steinan som no er blitt store båtar . Ikkje gå i sjøen du blir våt, får me beskjed om når me nærmar oss båtane deiras.*

*Dei vil vera i fred, og det må respekterast.*

*Nokon av jentene har begynt å leika butikk.*

*Det er 2 butikkar. Begge butikkane selger surblad og sopp.*

*Dei spør om eg vil handla hos dei. Eg har sjølsagt stort behov for sopp og surblad, så eg må handla i begge butikkane.*

*Det er til og med minibank i skogen, så eg kan berre ta ut pengar får eg beskjed om.*

*“Ta ut 1000 kroner, så du har ei stund”, sa ei jente på 5 år.*

*Det er berre å lystra , eg tar ut 1000,- kroner.*

*Eg handler i tur og orden i begge butikkane.*

*Det kjem fleire born til og vil handla.*

*Plutseleg er det ein tyv som stjeler pengar i butikken.*

*Det gjer forresten ingenting, for deit var ein politimann i skogen, forresten fleire.*

*Dei arresterer tyven mangen gonger, for han rømmer frå fengselet.*

*Stjeler på nytt, blir satt i fengsel, rømmer osv.*

*Denne leiken pågår ei god stund.*

*Det er tid for å tenkje på heimvegen.  
Me samlar borna og leser ei bok om Albert Åberg.  
Alle borna følger nøye med.*

*Etterpå tar me sekkane på ryggen og går tilbake i barnehagen.*


*Alle var einige om at det hadde vore ein fin tur !!!!*

*Det er veldig gledelig å sjå korleis skogen er med på å utvikla fantasien til borna, og at dei heile tida finner på noko å leika. Eg synast det er viktig at me vaksne er der for borna, at me er tilgjengeleg hvis dei har "bruk" for oss.*

*Eg satt ved siden av borna og skreiv litt i ei bok og følgte med på leiken. Dei leikte lenge uten at dei brydde seg om meg, men plutselig henvendte dei seg til meg, og eg var med på bornas premissar.*

*Eg synast borna leikar utruleg fint i skogen, det er lite irettesettelse frå dei vaksnes side. Alle leikar med alle.*

Hanne A. Jørgensen  
**Hanne A. Jørgensen**  
**Ålvik barnehage**  
**Ålvik 31.08.01**





Véard

Kva gjerde der poi =  
"Lig litt i skogen og sjanga Vegard, sa  
vurde os"

Kjøper li kast der a luka dei?  
"Fod ei nlungstan dei"

Kva gjerde der a ha mitt til øye?  
"Telta"




Sol




Tørre




Sopp



Dørst.



Pensate likar seg i skogen, ho kan leika  
butikk, finna sopp og sjå på trær.



kva gjorde den?


"Slengte meg i slengtauet og vred på ven.


Krifas liker den o hile i skogen!

"Foddi' me kan pleilike svedblod og eta ale."


Er det noko den kunne kanskje hatt desse vore?


"Kunne hatt min brynkessaf, og xai same eg telt."





Nathalia likar å klátra, smurra med  
tan og heonga med tan





Eit hus

Hus

Gudmund:

kva gjorde du på i skogen .

"Slengte meg i slengtauet".

~~Læret også hvordan~~

Kvifor likas du ei leiken du ,

"Forcli slengtauet er ellen".

Andre ting i skogen ?

"At du kunne tegne du og at ikke varden"



↑  
Hummel

Storch  
→

↓  
Söder

Promen

Sturm

↓  
Königliche  
Schule

Johannes


Aura - 01

Marcus overlede græslek

Marcus i slingdisso

Marcus oppe på stolbæren

Marcus oppe  
i store steinen



# **FYKSE**

# **BARNEHAGE**

## **Uteområde som vert brukt:**

- **Balo - der står lavoen**
- **Bjørneskogen**
- **Badestranda i Steinstø**
- **Skuleplassen – skulen sin leikeplass**
- **Bjørkeskogen**
- **Galleriet – på veg opp til Bjørke**
- **Skogsvegen til Sjusete**
- **Bakkane bak Storastovo – akebakke**

Plassane er vist på kart.

# BARNETRÅKK.

## MÅL:

Forarbeid til kommuneplanen sin arealdel. Grunnplanar for reguleringsplanar generelt.

## KARTLEGGING AV BARNEHAGEN SINE NATUR- OG FRIOMRÅDE.

Fykse er ein liten stad med mykje fin natur. Me slepp å vera redd for stor trafikk. Det er roleg rundt oss med dyr, frukttrær mm. Ettersom det er bratt terreng, smale og svingete vegar begrensar det mulighetene. Det set i alle fall grenser for dei mindre borna. Det er ikkje alle bakkar og områder som me kan nyta sommarstid, då desse bakkane vert slått. Nokre stader går det dyr ute.

Det er nokre turområdar me nyttar meir enn andre. Det er områder som er lett å koma til for alle, ligg i nærleiken. Då kan store og små vera i lag. Det tek ikkje lang tid å koma til staden. Me vert ikkje avhengige av å gå saman heile barnegruppa. Det vert heller ikkje mykje å bæra med seg over tid. Korte turar kan vera motiverande. Det vert ikkje tungt å gå. Turområde med varierande terreng, ulike leileikemuligheter t.d. det er ein bekk der, eit stort klatretre, vert likt av borna. Det må vera trygge stader å vera; ikkje stader der det er farlege skrånningar , større bekkar, trafikkerte vegar. Då slepp dei vaksne gå og passe på- og stundom avbryta. leik og aktivitetar .Borna lærer fort begrensingar på eit område me er på ofte. Om det er områder i nærleiken, kan foreldre koma og henta borna der. Me vert ikkje så knytt til kjernetida -turen kan vara lengre, om borna koser seg.

Stundom tek me lengre turar til Bjørke. Dette er, i hovudsak, turar for dei større horna. Me kører stundom opp med dei minste.

## STADER ME NYTTAR TIL TUOMRÅDE.

\*BALO -der har me lavvoen. Staden ligg 0.5 kilometer frå banlehagen.

\*BJØNESKOGEN-

\*BADESTRANDA I STEINSTØ

\*PÅ SKULEPLASSEN -og på skuleplassen sin leikeplass.

\*BLÅBÆRSKOGEN -på Bjørke.

\*GALLERIET- på veg opp til Bjørke.

\*SKOGSVEGEN-vegen opp til Skisete, bak drivhuset.

\*BAKKANE BAK STORASTOVO- vert nytta til akebakke om vinteren.

## KART


Me viser til kartet der stadane er inntekna. Me markerer dei stadene me er.

## BALO

Der er Balo me nyttar mest. Området har dei gode sidene eg nemnde ovanfor.

Fylkes konstnæring 2001.

Barna har teikna  
noko dei likar a'  
gjera ute.



# BALO

## KOMMENTARAR

**"Kan me ikkje til Balo?"**

**"Kan eg sykla aleine til Balo"**

**"Sjå kva eg fant!" (Delar av ein sko...)**

**"Jippi- me skal til Balo".**

Borna leikar ved ein liten bekk, finn seg små stader mellom steinar, tre, buskar og røter.

Dei klatrar på små og store steinar, i skråningar og på velta tre.

Dei gynger på tre.

Dei ser, leitar og finn alt mogleg; små og store soppar, blomar, krypdyr.

Det er rollelek; "**kom inn til meg..... kom inn i huset mitt.**" Huset ligg i ei trerot/trevelt.

Stundom er det "mystisk/spennende" å vera der. Dei leiter etter noko/nokon; **"Hysj.... har du sett nokon?"**

Fantasien vert brukt saman med andre born, vert utvikla saman med nye tankar og idear. Dei er meir og mindre ivrige.



Dei små får tusla rundt, vil meistre betre og betre å ta seg fram i ulendt terreng, få kjennskap til kva muligheter skogen gjev.

Her kjeder ikkje borna seg, tida går så fort, stundom et me nista, har med stormkjøkken. Dette er ein stad borna likar å vera.


# TUR TIL BALØ.



KRISTIN OG STELLA ER  
FERDIG MED







# **ØYSTESE**

## **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**

- **Fitjadalen – ”Monsalø” og ”Monsabu”**
- **Hotellfjøra/ Sandvensfjøro**
- **Knutafjøro**
- **Børvehagen**
- **Hotellfjøra / Øyrifjøra**
- **Storeteigen/Bygdamuseet**
- **Kvammsøy**
- **Kyrhagen**

## BARNETRÅKK

### OPPSUMMERING AV ULIKE LEIKEOMRÅDE NYTTA BARNEHAGEÅRET 2000/2001 ØYSTESE BARNEHAGE, AVD. HESTEHOVEN . BORN I ALDEREN 1 - 3 ÅR.

Grunna bornas alder, byggjer denne rapporten på dei vaksnes tolking av bornas trivsel.

#### • KYRHAGEN - SKOGEN.

Aktivitetar

"Fisking" i ein liten bekk  
Felles måltid / grilling i grøva  
eventyr i "skogshuset"  
Klopping/klatring/springing  
studie av naturen

Dei eldste har stort sett likt å vera i skogen - dei er bekrefteende og positive når me skal avgårde.  
Aktive og nysgjerrige born.

Turen er for tung for dei yngste.

#### • KYRHAGEN - LEIKEPLASSEN.

Aktivitetar

ulike aktivitetar som plassen byr på.

Me opplever positive born. Leikeplassen har utfordringar for store og små. Ein god stad å vera!

Kyrhagen ser me som eit svært trygt område, med varierande oppleviinger / utfordringar.  
Det negative med området er at me må bruka bil for å kome fram dit.

#### • SANDVENSFJØRA.

Aktivitetar

Kasta Stein i vatnet  
mata ender  
finne krabben ++  
balansera på steinar

Borna elsker vatn. Me opplever glade born i fjøra. Mykje papass - dei yngste er rett som det er på veg ut...Best å gå med smågruppen.

#### • HOTELLEFJØRA / PARKEN.

Aktivitetar

Kasta Stein i vatnet..  
mata endet

## Sandkasse

Det ser ut til at barna liker seg her. Dei er nysgjerrige og aktive, men har litt vanskelegare for å finne "poen"

Me vaksne opplever område som stort. Rolla vår vert endra p.g.a. mykje påpass for både sjø og veg.

### • INGEBRIGT VIK - PARKEN.

#### Aktivitetar

klatring  
springing  
ball  
eventyr  
rollelek i skogen

Barna liker seg - spes. i den vesle skogen. Område er fint å bruke på vinterdager - også for dei yngste. Område krev god fordeling av dei vaksne. Største føren er hovedvegen.

### • IDRETTSPlassen.

#### Aktivitetar

springing  
ball  
klatring

Barna viser glede. Det ser ut som det er delig å ha eit svært område å springe på.

Veksavundering - oversiktleg, fint å ha med små barn. Bratt terreng opp til trafikkert veg. Enkel tilkomst.

### • UNGDOMSKULEN.

#### Aktivitetar

klatring  
rollelek

Nedanfor ungdomsskulen ligg ei lita skrånning. Denne byr på store utfordringer. Blande reaksjonar hos barna - frå øryggheit til stor glede.

Område har enkel tilkomst, og me opplever det som rimelig trygt. Ein del påpass m.o.t. vegen og elva.

### • MEIERIHOL / MÅNSABAKKANE

#### Aktivitetar

skating  
keyping / rolling

Ein lang bakke med stor flate nedanfor.

Barna viser glede ved å vera der.

Plassen har enkel tilkomst, og er oversiktleg. Me kjem nok til å nytta området meir til vinteren.

• **SKULEBAKKEN.**

Aktivitetar	skating snøføring
-------------	----------------------

Dei eldste barna viste glede ved å "ta seg ut" i snøkavet. Det var nok for vugt for dei yngste.  
I priminatta var det mange skuleborn der..

Alder gjør store utslag i val av aktivitetar. Mykje snø og is set store begrensinger m.o.t. turar / uteaktivitetar for dei yngste barna være.

**ME VIL SATSA PÅ EIT NYTT AKTIVT UTEÅR !**



EVJO



KURKJE-  
FJORD



FITJA-  
DALEN



KYR-  
HAGEN

# Barnetråkk

Kartlegging av friområde barnehagane nyttar  
Kvam herad 2001

## Rapport frå Blåklokko, Øystese barnehage

### Ei kort innleiing

Me skriv kort om dei ulike turområda våre, om borna sine aktivitetar der. Me har med nokre kommentarar frå borna og biletar som skildrar det barna gjer på.

### Fitjadalen


Me har av og til tatt turen opp i Fitjadalen. Me kører opp om morgonen og er der til i 1-2 -tida.

Me skriv om ein Fitjadalstur i vår. 9.mai 01 og ein me hadde 7. august 01.

#### AKTIVITETAR: 9.mai 01

Ser på ender på Fitjadalsvatnet.

- Går inn mot Fete: I vegkanten er det mykje Kvitveis. Me går i smågrupper, stoppar opp plukkar og studerer blomane. Fargar og form! Nokre av borna pyntar seg med kvitveis i håret.
- Et nista vår med "Monsalø" og "Monsabu", to lafta, små hus. Borna sitt på steinhellene utanfor husa. Spanande å gå barbeint å kjenna kor varme hellene er blitt i sola.
- "Monsalø" er eit flott "klatrestativ". Borna finn mange sitteplassar rundt om i løa, frå golv til tak.




*Monsalø er klatrestativ*

- "Monsabu" har eit spanande kikkehull. Inne i bua er det ei gamal seng, ei gruva, ei kista og andre rare saker. Borna er nyfikne og myser stadig inn det vettle kikkegullet. Ein gut på 5 år undrar seg på om det kan vera tussetroll der inne. "Monsabu" er eit fint utgangspunkt til å få i gang samtalar om korleis ting var før og ikkje minst fantasi og fabulering.

- På Fete er det mykje bakkar til å springa på. Her tar fleire av borna seg ut,
- På ei av hyttene er det ei stor steintrapp. Her sitt seks av jentene lenge og sorterer skattar: steinar, perler som var med i lomma, kvitveis osv.)

#### VATN:

- På ei bru over elva, litt lenger inne i dalen er borna opptekne av å hiva kvistar uti på den eine sitja og sjå at elva fører kvistane over på andre sida. Også spanande å kasta små og stor steinar ut i vatnet.
- To av gutane smakar på fjellvatnet. Dei legg seg ned mellom steinane og bruker hendene til kopp.
- I fjøra nesten heilt inne i dalen lagar ein voksen og to gutter ei elv av steinar. Andre hører på lyden av den buldrande fossen.
- To jenter ligg på magen på ein stor Stein og fangar isflak med hende i det kalde vatnet.



*Vår i Fitjadalen. Jentene fangar isflak som kjem forbi.*

- Nokre av borna finn fine avslipte steinar. Dei er glatte og i ulike fargar.
- To av jentene får vera med ein voksen og sjå på gjettegrytene, som det kraftige vatnet har slipa ut.

#### BORNA SINE KOMMENTATAR:

- Ø.g, 5år: "Kan eg bada?!"
- S.j, 4år: "Eg vil ha mange blomar i håret, da blir eg so fin."
- M.g. 5 år: "Sjå på meg då, eg e høgare enn deg." (Sitter i mønet på Monsalø.)
- H.g. 4 år: "Trur da e her nissen bur....."(Kikkar inn i Monsabu.)

#### AKTIVITETAR 7.august 01:

- Me går frå Fete og inn i ei fjøra. Mykje vatn rundt oss.
- Borna tek av seg sko og sokkar og veret tillet litt vassing. Vatnet er kaldt, Hyl og skrik. Fryd/redsel.
- Me lagar bål
- Ein voksen tar med seg nokre av borna og lagar spiddepinnar.
- To gutter stenger ein liten bekk med steinar.
- A.g. 5 år tråkker uti med sko og sokkar. Må varma seg ved bålet.
- J.g.5år fell i ein liten bekk, vert våt. Gret, vert litt sjokka. Ein voksen trøystar. Buksa vert hengt til tørk ved bålet.
- Pølsene vert grilla. Borna et mykje.


- Me har med sjokoladekake i langpanne. Dette for å feira "Sjokoladekakedagen", fortel ein voksen mens han deler ut kakestykkja.
- Ei gruppe av borna vert med 2 voksne opp mot gjettegrytene. Fint, men litt skummelt og bratt.

## Hotellfjøro /"Sandvensfjøro"

Me går frå barnehagen og inn i Sandvensfjøro.

### AKTIVITETAR:

- Leitar etter krabbar under tang og steinar. Har med bøtter frå barnehagen. Me snakkar om at det er viktig at me slepp uti krabbane før me går, krabbane bur i og ved sjøen.
- Bygger brygge av rekved og steinar.
- Lagar mønster av skjell, steinar, krabbeskall, sniglehus.



*Borna lagar mønster av steinar ,skjell og sniglehus!*

- Smeller blæretang.
- Et nista.
- Kastar steinar. Prøver å få dei til å hoppa fleire gonger. Kastar langt. Hiver store steinar slik at det vert eit ordentleg plask.
- Vassing.
- Klatring i trea rundt stranda.
- Krabbebegravferd.
- Slengdisse.



#### BORNA SINE KOMMENTARAR:

- R .g. 6 år: "Eg heiv krabben min uti. Han måtte finna kameratane sine. Eg tur eg kjem til å sakna han."

#### Knutafjøro

Det er passeleg gåavstand frå barnehagen. Me går opp mot Torpelia, for å unngå den mest trafikkerte vegen. Det er ein stad me på kryssa vegen, her er det ganske farleg.

#### AKTIVITETAR:


- Løvetann og engkarse på bakkane ovan for fjøra. Kransar og bukettar.
- Varme svaberg. Ein gut og ein voksen sit og pratar og kosar seg.
- Me har med bøtter og spadar. Borna vaskar føtene i bøttene. Lagar mat i bøttene: Suppa av sand, sjø, stein og tang. Bruker bøttene til oppsamling av alle moglege ting borna vil ha med seg attende til barnehagen
- Vassing
- Grev i sanden
- Laga båt av isopor. Ein voksen hjelper til med seglet. Båten vert pynta med engkarse og løvetann.
- Tørker våte kler i sola
- Spring i graset.
- Går på do ute.
- Gøymer seg bak naustet.
- Lagar demning i sanden
- Dyppar steinar i sjøen, dei blir kalde. Legg dei kalde steinane på kvarandre si hud i lag med steinar som har varma seg i sola.
- Grillar pølser.
- Grev brønn
- Pølseklypekrig mellom to gutter.
- Ein voksen tar på seg "tanghår" og seier han er havmannen,. Borna ler.
- Leitar etter krabbar.
- Me ryddar i fjøra. Ber vekk rekved og greiner. Under desse vrimalar det av tussalus. Borna studerer og fangar.
- Kastar pinnar på sjøen. Ser at bølgjene tek dei med seg inn att.
- Matar måse med nisterestar.

#### BORNA SINE KOMMENTARAR:

- F.g. 6år: "Do...ute....."
- H.g.5 år: "Me fant mest krabbar altso, eg og Rune, veit du."
- H.j. 6 år: "Denna e dan finaste fjøro."
- O.g.5 år: "Sjå korleis eg har da her då!" (Har laga hus av sand med blomar, steinar og skjell.)
- S.j.4år: "Sjå, ein baby-tussalus!"
- R.g 5 år: "Sjå eg fant ein større krabbe. Kanskje dan e broren te dan hinn."

- J.g. 5 år: "Her e go-stolen min"( Sitt i ei sprekk i svaberget.)
- Ø.g.5 år: "Eg har funne 9 krabbar."

**KRABBE!!!**



Me ynskjer å få setja opp ein gapahauk i Knutafjøro.

## Børvehagane

Me køyrer opp til skytebanen i Tolomarka, går gjennom skogen, forbi leirplassen til Tolomarka barnehage og inn på Børvehagane. Her er me nokre timar før me går ned i barnehagen over Borge.

### AKTIVITETAR:

- nista + kakao.
- Tre gutar har "Politistasjon" i eit kratt.
- Plukkar kvitveis.
- Store bakkar. Borna spring. Sklir på buksebaken. Rullar.
- Klatrar i gamle hustufter.
- Hoppar frå steinane: "Flyr"



Børvehagane vert mest bruk av oss om vinteren. Fine, passelege akebakkar med ulike utfordringar. Når me skal ned att i barnehagen, kan me sitja på akebretta nesten heile vegen.

## **Hotellfjøro/Øyrifjøro**

Kort veg frå barnehagen. Her går me fleire gongar i veka.

### **AKTIVITETAR:**

- ◆ Kastar steinar
- ◆ Klatrar og trampar på konteinaren. Høge lydar.
- ◆ Finn steinar, skjell og sniglehus. Me har ofte med kvar si bøtte/pose eller liknande.
- ◆ Matar endene og måsane.
- ◆ Leikar i sandkassen.
- ◆ Nista
- ◆ Finn glasskår som er slipt av sjøen.
- ◆ Ser på Kvamsøybåten.
- ◆ Klatrar på ei vegg.
- ◆ Leitar etter krabbar.
- ◆ Vassar
- ◆ Stor bølgjer, slår mot dei små kroppane. Vert våt i støvlane. Hyl og latter.
- ◆ Vind mot kinnet.



*Vassar... litt kaldt!!*

Me går ofte over kyrkjegarden oppatt i barnehagen. Det høver best når me går i små grupper. Me snakkar om namna på gravstøttene, me ser på blomane, snakkar om kista, om sakn om døden. Me stoggar ofte med fontena på kyrkjegarden. Av og til gløttar me inn døra på kyrkja.

## **Storeteigen /Bygdamuseet**

Me går langs gangvegen bortover. Stoppar på leikeplassen ved Gjerden (Esso-stasjonen.)


- humpar
- Balanserer på gjerdet rundt leikeapparata.
- Gravemaskin: Lastar og lossar.

Storeteigen:

- Klatrar i frukttre.
- Høyrer fuglesong. Stoppar opp.
- Blomster: Plukka, rulla seg. Liggja å slappa av.
- Løvetannkrig. Knipsar løvetann på kvarandre.
- Kikkar inn vindauge på museet. Fortel kva dei ser.
- Slengdisse.
- Klatrar i gamle eiketre.
- Et surblad og surstilk.
- Snakkar med romvesenet i Orrestovo.

#### **BORNA SINE KOMMENTARAR:**

- M.j. 5 år: "Ska me bada i blomane."



*Engkarse*

## Kyrhagen

Me går frå barnehagen og opp i Kyrhagen. Denne turen er fint å gå i grupper på ca 5 born.

#### AKTIVITETAR:

- Me går snarvegane oppover: stiane og trappene. Det er ganske bratt. Trøtte føter, men god trim.
- Me passerer nokre av borna sine hus, eller hus der borna kjenner dei som bur der. Borna fortel
- Me tar kvilepausar. Har ofte med drikke.
- Me ser på utsikten
- Og på ting som finst i grøfta.
- Langs den eine stien finns det mykje røsslyng. Me plukkar og tar med oss ned i barnehagen for å hengja opp til tørk.
- Me stoggar på leikeplassen i Kyrhagen. Mykje leik.
- Har av og til med niste.
- Går asfaltvegen ned att i barne hagen. Går forbi fleire av borna sine heimar.
- Ser etter Tussatroll. Som bur i fjellet langs den eine snarvegen.

## Kvamsøy

Me følgjer Kvamsøybåten. Det er kjekt å sjå ting frå sjøsida.

Går frå kaien og inn i jordafjøro.

#### AKTIVITETAR:

- ❖ Leitar rundt blant dei runde steinane: forskjellige fasongar: bil, båt, rund, lang, glatt. Mange ulike fargar, som forandra seg når me gjorde steinane våte.
- ❖ Ei av jentene fekk ei marihøna på armen. Nokre av dei andre borna studerte.
- ❖ Lagar benkar av rekved
- ❖ Krabbeleiting
- ❖ Pølsegrilling
- ❖ Lagar Stein - krans
- ❖ Fjellklatring m/tau. To born og ein voksen.
- ❖ Tur oppå toppen av Kvamsøy. Utsikt.
- ❖ Ser på kyrne å veg attende til båten.

#### BORNA SINE KOMMENTRAR:

- J.g. 5 år: "Kjenn dan glatte steinen"
- R.g. 5 år: "Trur eg har funne den største krabben.)
- B.j. 6år: "Sjå ein glitrestein, dan e svart bakpå"

### Ei kort avslutning

Dette har vore eit interessant arbeid. Og ikkje minst ein lur måte å skriva rapport på. Me vil bruka nokre metodane i årsrapport-skrivinga vår. Dette med borna sine kommentarar og bruk av foto. Me kunne sjølv sagt ha brukt mykje meir tid på arbeidet.

1980  
1985  
1990  
1995  
2000  
2005  
2010  
2015  
2020  
2025  
2030  
2035  
2040  
2045  
2050  
2055  
2060  
2065  
2070  
2075  
2080  
2085  
2090  
2095  
2100  
2105  
2110  
2115  
2120  
2125  
2130  
2135  
2140  
2145  
2150  
2155  
2160  
2165  
2170  
2175  
2180  
2185  
2190  
2195  
2200  
2205  
2210  
2215  
2220  
2225  
2230  
2235  
2240  
2245  
2250  
2255  
2260  
2265  
2270  
2275  
2280  
2285  
2290  
2295  
2300  
2305  
2310  
2315  
2320  
2325  
2330  
2335  
2340  
2345  
2350  
2355  
2360  
2365  
2370  
2375  
2380  
2385  
2390  
2395  
2400  
2405  
2410  
2415  
2420  
2425  
2430  
2435  
2440  
2445  
2450  
2455  
2460  
2465  
2470  
2475  
2480  
2485  
2490  
2495  
2500  
2505  
2510  
2515  
2520  
2525  
2530  
2535  
2540  
2545  
2550  
2555  
2560  
2565  
2570  
2575  
2580  
2585  
2590  
2595  
2600  
2605  
2610  
2615  
2620  
2625  
2630  
2635  
2640  
2645  
2650  
2655  
2660  
2665  
2670  
2675  
2680  
2685  
2690  
2695  
2700  
2705  
2710  
2715  
2720  
2725  
2730  
2735  
2740  
2745  
2750  
2755  
2760  
2765  
2770  
2775  
2780  
2785  
2790  
2795  
2800  
2805  
2810  
2815  
2820  
2825  
2830  
2835  
2840  
2845  
2850  
2855  
2860  
2865  
2870  
2875  
2880  
2885  
2890  
2895  
2900  
2905  
2910  
2915  
2920  
2925  
2930  
2935  
2940  
2945  
2950  
2955  
2960  
2965  
2970  
2975  
2980  
2985  
2990  
2995  
3000  
3005  
3010  
3015  
3020  
3025  
3030  
3035  
3040  
3045  
3050  
3055  
3060  
3065  
3070  
3075  
3080  
3085  
3090  
3095  
3100  
3105  
3110  
3115  
3120  
3125  
3130  
3135  
3140  
3145  
3150  
3155  
3160  
3165  
3170  
3175  
3180  
3185  
3190  
3195  
3200  
3205  
3210  
3215  
3220  
3225  
3230  
3235  
3240  
3245  
3250  
3255  
3260  
3265  
3270  
3275  
3280  
3285  
3290  
3295  
3300  
3305  
3310  
3315  
3320  
3325  
3330  
3335  
3340  
3345  
3350  
3355  
3360  
3365  
3370  
3375  
3380  
3385  
3390  
3395  
3400  
3405  
3410  
3415  
3420  
3425  
3430  
3435  
3440  
3445  
3450  
3455  
3460  
3465  
3470  
3475  
3480  
3485  
3490  
3495  
3500  
3505  
3510  
3515  
3520  
3525  
3530  
3535  
3540  
3545  
3550  
3555  
3560  
3565  
3570  
3575  
3580  
3585  
3590  
3595  
3600  
3605  
3610  
3615  
3620  
3625  
3630  
3635  
3640  
3645  
3650  
3655  
3660  
3665  
3670  
3675  
3680  
3685  
3690  
3695  
3700  
3705  
3710  
3715  
3720  
3725  
3730  
3735  
3740  
3745  
3750  
3755  
3760  
3765  
3770  
3775  
3780  
3785  
3790  
3795  
3800  
3805  
3810  
3815  
3820  
3825  
3830  
3835  
3840  
3845  
3850  
3855  
3860  
3865  
3870  
3875  
3880  
3885  
3890  
3895  
3900  
3905  
3910  
3915  
3920  
3925  
3930  
3935  
3940  
3945  
3950  
3955  
3960  
3965  
3970  
3975  
3980  
3985  
3990  
3995  
4000  
4005  
4010  
4015  
4020  
4025  
4030  
4035  
4040  
4045  
4050  
4055  
4060  
4065  
4070  
4075  
4080  
4085  
4090  
4095  
4100  
4105  
4110  
4115  
4120  
4125  
4130  
4135  
4140  
4145  
4150  
4155  
4160  
4165  
4170  
4175  
4180  
4185  
4190  
4195  
4200  
4205  
4210  
4215  
4220  
4225  
4230  
4235  
4240  
4245  
4250  
4255  
4260  
4265  
4270  
4275  
4280  
4285  
4290  
4295  
4300  
4305  
4310  
4315  
4320  
4325  
4330  
4335  
4340  
4345  
4350  
4355  
4360  
4365  
4370  
4375  
4380  
4385  
4390  
4395  
4400  
4405  
4410  
4415  
4420  
4425  
4430  
4435  
4440  
4445  
4450  
4455  
4460  
4465  
4470  
4475  
4480  
4485  
4490  
4495  
4500  
4505  
4510  
4515  
4520  
4525  
4530  
4535  
4540  
4545  
4550  
4555  
4560  
4565  
4570  
4575  
4580  
4585  
4590  
4595  
4600  
4605  
4610  
4615  
4620  
4625  
4630  
4635  
4640  
4645  
4650  
4655  
4660  
4665  
4670  
4675  
4680  
4685  
4690  
4695  
4700  
4705  
4710  
4715  
4720  
4725  
4730  
4735  
4740  
4745  
4750  
4755  
4760  
4765  
4770  
4775  
4780  
4785  
4790  
4795  
4800  
4805  
4810  
4815  
4820  
4825  
4830  
4835  
4840  
4845  
4850  
4855  
4860  
4865  
4870  
4875  
4880  
4885  
4890  
4895  
4900  
4905  
4910  
4915  
4920  
4925  
4930  
4935  
4940  
4945  
4950  
4955  
4960  
4965  
4970  
4975  
4980  
4985  
4990  
4995  
5000

# **SJYDNAHAUGEN**

## **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**

- **Leikeplassen på Vavoll**
- **Svartaskogen**
- **Stranda og parken – nytta særleg av dei minste.**
- **Område i Kyrhagen – skal laga gapahuk**

## RAPPORT FRÅ BARNETRÅKK I SJYDNAHAUGEN BARNEHAGE

Denne hausten har barna i Sjydnahaugen barnehage arbeidd mykje med eit hytteprosjekt i hagen. Dei aller fleste barna har vore aktive i bygginga, både store og små har saga, banka, måla og bore på hunmaterial. Dette prosjektet har ført til at barna har fått ein plass å leike i nedkant av leikeområdet inne i barnehagen. Det er kjempe-spennande å få gøyma seg litt vekk i hyttene, samtidig som rolleleiken vert stimuleirt. Barna har sjølv laga ei lita trapp på hytteveggen for å kunna klatra litt. Mykje av hytteprosjektet vart til etter kvart som me vart ferdige med hytteveggane. Forslag til nye veggar og vindauge kom etter kvart frå barna. Blandt anna meinte ein at me måtte ha vindu i leveggen mot hovudvegen slik at dei kunne stå der og sjå på store trailarar og traktorar. Forslag om samlingsstund kom raskt, då det vart god plass under taket mellom hyttene til å sitta. Ein meinte og at dette var ein kjempelur plass til å eta måltidet ute, og då gjorde det ingen ting om det regna, for i hytta sat dei under tak. Dette har vore eit svært så givande prosjekt, der og ein del barn har fått augene opp for at det ikkje nødvendigvis må vere menn i barnehagen for at det skal bli hyttebygging. Det kom nokre kommentarar på at dame ikkje kunne saga, hamra eller ikkje minst klatra på taket for å banka på fjøler.

Ein kjempeinnsats frå både liten og stor i Sjydnahaugen barnehage. Les meir om dette på internett.

Elles har dei ulike avdelingane vore på ein del turar rundt om i Øystese. Leikeplassen på Vavoll har vore ein del i bruk. Der er det ein del leiker som er kjekke å bruka, med litt niste i sekken får ein seg ein fin tur som ikkje er så lang.

Svartaskogen er spennande med mykje rart å finna. Barn og vaksne er for tida ute på leiting etter naturmateriale til haustfesten vår. Rognebær har vorte plukka for å lage rognebærgele, plommene i hagen har me hausta. Mykje vart ete, men ein del laga me plommesyltetøy av. Som ein ser er det mykje aktivitet, der me nyttar ulike turområder.

Stranda og leikeområdet i parken har og vore nytta ein del, og då spesielt av den minste avdelinga.

Framover kjem ein til å bruka området i Kyrhagen meir. Dette er eit område som vert viktig fro oss framover. Me er no etterkvar ferdig med innkjøringa til barna, og kan kome oss på litt lengre turar. Men ein hovudmålsetting for gruppene er at det er turen som er målet og ikkje nødvendigvis å gå så langt. Derfor er me på treningstadiet i turgåing då ikkje alle er like vant med å gå så langt sjølve. Turane er ei oppleveling i seg sjølv.

Elles kan ein nevna at me har tenkt å byggja ein gapahuk inne i skogen i Kyrhagen. Me har meterial liggjande, så dette er eit prosjekt som me no så smått er begynt på. Der oppe er det og ei lita grue som me nyttar. Ved å ta med røre til lappar og ei steikeplate, lagar me lappar på grua der oppe. Det er noko som me gjer i barnehagen si grue og.

Dette er ting som skjer i Sjydnahaugen barnehage for tida, aktive barn og vaksne er stadig på turar rundt om kring i nærmiljøet, samtidig som me har mange spennande prosjekt i barnehagen sitt eige område.

Med helsing personalet i Sjydnahaugen barnehage !

Ha ein fin dag, Irene !

Helsing Trude

# **TOLOMARKA**

# **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**

- Tolomarka

**Deler som vert brukt er merka på kartet.**

Til June Torpe

## "BARNETRÅKK"

### RAPPORT FRÅ TOLOMARKA BARNEHAGE.

På kartet som er vedlagt, er områda barnehagen nyttar ringa inn med raudt. Pila ut frå kartet symboliserer at me brukar naturen som ligg utanfor kartet også.

Barnehagen har tre avdelingar, og kvar avdeling har opparbeidt sin eigen naturleikeplass. Den jobben har borna og personalet gjort i lag. I tillegg har me lavvuen og området rundt den.

\*Det foregår mange ulike aktivitetar på desse plassane:

\*Opparbeiding og restaurering av hytter til ly for vind og vær.

\*Laga gruer i bakken.

\*Hogga ved til brensel

\*Matlaging som å spidda pølser, koka suppe, steikja vafler m.m.

\*Middagskvil for dei minste. Dei sov godt, anten det er under eit tre eller i lavvuen. Lavvuen skal fyrst og fremst vera ein stad me kan varma oss, laga mat, bytta bleier og sova når det er kaldt ute. I juni overnatta tre vaksne og ti born i alderen 1 1/2-3 år i lavvuen. Dei små hugsar dette som ei god oppleving, og dei er svært positive når det er snakk om å gå til lavvuplassen.

\*Leik som klatring i tre, på steinar og stubbar, rulling i graset, balansering på trestammer,spikking med kniv, leik i små bekkar og mykje, mykje meir. Å fylgja med på dyr, fuglar og insektliv er ein naturleg del av skogslivet vårt. Ved ein av naturleikeplassane er det ein liten rødstrupe som borna matar når dei er der.

Fuglen dukkar opp og syng så fint nesten kvar gong dei er på plassen.

Borna treng lite hjelp frå dei vaksne for å koma i gang med leik når me er ute i skogen, og me ser at det virkar særleg positivt inn på dei som er forsiktige eller passive innandørs. Mange eksempel på at både humør og appetitt er på eit høgare nivå i naturen !! Det er flott å leggja merke til at borna sjølve er pådrivarar til å koma seg ut i skogen.

\*Det er verdt å merka seg at born heilt ned i 1 1/2-2 års alder går sjølve frå barnehagen til lavvuen, og det er eit godt stykke i ulendt terreng. Flott motorisk trening saman med naturopplewinga dei får.

Me har nokre ynsje for lavvuen:

Sitjeplassar på framsida (delte trestokkar), ei grue og "latrine" (for at alle skal gå på do ein fast stad). Men det me har mest bruk for nett nå, er ein stor, tett og låsbar kasse som me kan oppbevara liggeunderlag og anna utstyr i lavvuen, for å sleppa å bera så mykje att og fram.




## FORSOMMAR VED LAVOEN ‘SMÅ SKOGSTROLL’





dans-fest for barn, foelde  
og tilsette, juni 2001  
Børneter stod for openingsang...





# **FRAMNES**


## **BARNEHAGE**

**Uteområder som vert nytta:**

- \* Den store eika ovanfor Granli i Vikøy**
- \* Skogen ovanfor Vikøy/Aksnes skule ( vert brukt av skulen òg)**
- \* Saga i Vikøy. ( Er eit regulert friområde)**
- \* Vågaskjær. Bade - og båtplass.**
- \* Områda på Framnes.**

Ved "Eika"






For Tolomarka barnehage er skogsområdet til svært stor nytte, og det vert brukt og sett pris på både av born og voksne. Her er mange fine turstiar i terrenget som gjev høvelege utfordringar for små barneføster, og det finst stader for skigåing og aking vinterstid. Små bekkar og kulpar med rompetroll om våren gjer fine moglegheiter for leik og å fylgja med på korleis nytt liv vert til.

Tolomarka barnehage ligg midt i naturen, og lett tilgang gjer det naturleg for barnehagen å vera mykje ute i skog og mark. Foreldre som ynskjer plass for sine små her, begrunnar ofte ynskjet med at dei vil ha eit tilbod som legg vekt på uteliv og bruk av naturen. Så det er mange som har sterkt interesse av at Tolomarka får halda fram med å vera eit område der små og store kan finna gode naturopplevelingar.

Sigrun Fosså Rykkje  
Sigrun Fosså Rykkje  
styrar





# **NORHEIMSUND**

## **BARNEHAGE**

### **Uteområder som vert nytta:**

- Bak Turistheimen – vert òg nytta av skulen.**
- Skogsvegane i området.**
- Dei nyttar dei same turmogleheitan som då barnehagen var ny i 1989.**

Norheimsund barnehage  
Kyrkjevegen 30  
5600 NORHEIMSUND

30. august 2001

### Rapport/ barnetråk

Vil med dette gje kort og generell tilbakemelding frå Norheimsund barnehage vedr. lokal, aktuelt turterreng.

Norheimsund barnehage ligg slik til at me i dag ikkje må gå langt for å koma ut i skog og mark. Barnehagen har dei same turmogelegheitane no som når barnehagen var ny i 1989. Områda me i dag kjenner til som vert utbyggingsområder, har ikkje vore naturlege turområder for oss. Det er sjølv sagt eit press på dei alternative turmogelegheitene, etter som me må dela dei med skulane. Me har ikkje tilegna oss dei ulike planane vedr. utbygning i området, men Sandvenslia vert lite truleg aktuelt når det gjeld eventuell byggefelt eller industriområde. Me har eit område bak garnle Turistheimen som vert nytta ofte. Me har snakka med grunneigar om eventuell lavvo-oppsetting, noko som var ok. Grunneigaren snakka ikkje om at området skulle brukast til andre formål. Som nemt tidligare, so er området mykje brukt også av grunnskulen. Me har ikkje "kollidert" med elevar under utfukt. Skogsvegar som har vorte laga, er berre til fordel for oss. Det ser ut til at borna liker dei turterrensa som me har brukt, og som har vore naturleg for oss, -og som me ikkje trur er trua no eller seinare.

Med vennleg helsing

Egil Rasch-Halvorsen

Egil Rasch-Halvorsen

# **TØRVIKBYGD**

## **BARNEHAGE**

### **Uteområde som vert nytta:**

- \* Skogen til Jakob Drage – skulen nyttar òg dette området.
- ”Steinrøysa” – nær byggjefelte Dragshagen.
- Skogen ned til leikeplassen i Dragshovden.
- Leikeplassen – Dragshovden?

Prosjekt  
"Barnetråkk"



Helsing frå born og vaksne i Tørvikbygd barnehage

Eit tredje område me nyttat , men som me ikkje har fått teke bilde av – er skogen på veg opp til nedre leikeplass i Dragshovden og sjølve leikeplassen.

Det er kort avstand , og me kan og gå vegen med vogn dersom me ynskjer det.

Sidan me ikkje har disser i barnehagen er ungane veldig glad i å gå til leikeplassen, så me gjer det av og til. Om hausten finn me bjørnebær og bringebær og nøtter her oppe.

Det er og eit stort jorde her, som me kan nytta til skigåing og aking om vinteren.

Generelt på alle tre områda er det mykje fantasileik og rolleleik. Alle områda gjev god trening til den grovmotoriske utviklinga.

Dei fleste gongane har me nista med oss på turane, men det er ekstra stas dei gongane me lagar bål og steikjer middag ute eller kanskje det vert lappar med sylt på . Nam.Nam. Slike opplevingar gjer godt for små og store.

Me er heldige her i Tørvikbygd som har mange mulighetar til turar og leikeområde i naturen, men for oss i barnehagen er det viktig at det ikkje vert for store avstandar – for då vert det for tungvint å koma seg av gårde. I så måte er desse tre plassane heilt perfekte.

Ungane i barnehagen har teikna litt om kva dei likar å gjera på tur. Men bildene og turane vart tekne før sommarferien , og me teikna etter sommarferien. Derfor var det og andre ting det vart teikna om.

Bildene snakka me om med ein gong me fekk dei – så nokre av kommentarane kjem rett frå ungane . Nokre er våre vaksne sine.

Dei fyrste bildene er i frå skulen sitt område ved lavoen deira – skogen til Jakob Drage tett attmed Tørvikvatnet. Me har fått lov av skulen å nytta området stort sett når me ynskjer.

Her har me skog rundt på alle kantar, men det er ganske ope og oversiktleg. Her er det kjempeflott å leika, klatra, göyma seg. Skulen har laga til nokre slengdisser som er veldig populære – dei gir skikkeleg sug i magen. Ungane frydar seg.

Det er laga ei enkel grua, så me kan laga mat på steikjepanna vår evt. stormkjøkkenet. Ein liten bekk er det også her – å leika med vatn er jo ekstra stas.

Det er passeleg avstand å gå, me kan og nytta vogn ein del av vegen, noko som er ein fordel. Området er stort og oversiktleg, me er glad i plassen og veldig takknemlege for at me kan nytta den.



## ” Steinrøysa ”

Dersom me ikkje vil gå noko særleg så går me her. Dette er kortare avstand enn det er til lavoen – så me går her mykje.

Det er nært bebyggelse – byggjefeltet Dragshagen ligg rett attmed. Vår og sommar er det kyr og hest her – så då er me ikkje her så ofte.


Her er ein liten bakke , så er det rette vinterføre , er det passeleg akebakke for dei minste , då klarar dei det meste sjølve og dessutan er det ikkje bilar. Det er fint å ga på ski her.

Ellers er det steinrøysa og ”romskipet” ( jmf. Bilde ) som er kjekke å leika på og i. Romskipet er ei rotvelta.

Desse aktivitetane er nok best for dei eldste, men dei minste tilpassar det til sitt meistringsnivå.

I steinrøysa klatrar dei og leikar ulike leikar- men det er og veldig kjekt å krypa mellom – og ein gon fann me eit dødt pinnsvin.

# LAVOEN




Kekt å leika kurveløgg og mi  
gitar måtte til kurveløggen.




Hør kamaran me songar og  
dansen på singstuen

# © HAVO·EN



Her sunnar me lim (krae) og me  
kjøper kongier.



Her er da kjekt for å kan me kjøpe  
og ein er triv - me leika da!

# ØSTEINRÖYA




Kekt å hoppe ned på steinen.




Hei klare me i steinane og  
gåmer oss i steinane og gå  
inni tunnelane.

(2)

## STEIN RØYSA




Her er da kjelt til fyka med romskipet.



Her er de spilt med da er kjent å  
styrte, hoppa, klimpe vikoren og berre  
leika når.


## (2) STEINROYSA





Her "stanklætra" me - me klatrer  
opp stammen og hopper og fikk  
hendet nei i Steinane



Her arbeider me









Jente 5-6 år


He ei i  
skogen med  
joro'en  
Du G. næra  
meg, Bjørn A  
rene da' øg.  
Jeg heitne på  
dustein








Guru 11, 0 air







# **STRANDEBARM**

## **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**


- Rykkja – del av Rykkja bør verta regulert til naturleikeplass.
- Idrettsbanen
- Fjøra
- Holene opp forbi Tangeråsfeltet.
- Risaelva og Risafossen
- "Evjo"
- "Rullebakkane" og Svartaberget

\* Rykkja er no erstatta med  
Blåbærkrysset (Et bustadkompleks nordvest for barnehagen)  
Hanseland 10/11-04

Områda er merka på kart.

## BARNETRÅKK I STRANDEBARM

"Her va da fint Bevit! Her vil me vea – her  
kan me eta!!!"



"Heeer va eg !" "Eg lage storm dar!"


STRANDEBARM BARNEHAGE

august/september 2001

# NORDASTOVA

Ei avdeling for dei yngste borna i barnehagen.  
"Yngstemann" er 11. mnd. og den eldste fyller snart 4.  
Svært mange av borna er 2 år.

Borna på denne avdelinga går mest tur 1, tur 2 og deler av tur 5.



På tur i Rykkjå


## TUR 1 RYKKJA (TANGERÅSHAGEN) MED 1 OG 2 ÅRINGANE

Me gjekk forbi huset til Haugland. Borna er veldig opptekne av hønene der. Me gjekk opp i skogen oppom det nye byggjefeltet (bak Bygg mix). Ungane var opptekne av blomane på bakken.

Hønene kom kaklande etter oss – svært spennande! Me stod roleg, og dei kom nesten heilt bort til oss. Me mata dei med kjeks, før me gjekk lenger oppover i skogen.



Me gjekk igjennom meterhøgt bringebærpas. Og hønene dei kom etter. Borna kraup på alle fire oppgjennom lia, nærkontakt med jord og mose får dei med på vegen. Ein stor prestasjon for ein som nett har fylt 2 år å koma seg opp lia med eiga hjelp.




Ein kjekk aktivitet i skogen er å  
Tynne lauvtre og buskar rista me på og laga  
storm i skogen.

Borna går rundt og ser seg omkring, klatra,  
studerar lauv og bark på trea, ein gut på 2 år  
tuslar rundt åleine og nynna og syng!

Berre blide fjes å sjå!!

”æ la storm”

Her har jente 1,5 år teikna kart over turen me gjekk:





jente 2 år: "såå!!!"  
jente 46 år: "du klatra høgt i det store treet!"  
jente 2 år : "jaa!!"

Med til turen hører sjølvsagt måltid ute med skjeva med leverpostei eller sylt og kakao!

Denne plassen var fram til våren 2001 eit nedlagt småbruk eigd av Kvam herad, her var det herlig å vera! Fri natur, bakkar, buskar, småkratt, kupert terreng, avskjerma frå resten av verda, ein fantastisk naturleikeplass! No er anleggsarbeidet ferdig og vegen er asfaltert og tomtene er klare til å byggja på. Rykkjå vår er blitt til Tangeråshagen - eit nydeleg bustadfelt...


Denne turen me beskriv som her føregår i den øvste delen av området som er regulert til  
2 tomannsbustader.

Me har i barnehagen vanskar med å finna høveleg turområde = naturleikeplass med urørt natur i  
gå avstand for 1- 3 åringane våre.

Pga. utbygging har personalet i barnehagen sett på  
kva alternativ som er igjen.

Går me lenger opp i haugen er det eit stup (sjå  
bilde) som må sikrast med gjerde, dersom me skal  
kunne vera der.

Vårt ynskje er at denne delen av Rykkjå må  
omregulerast til naturleikeplass for barnehagen og  
borna i nærmiljøet!



## TUR 2

### GJENNOM RYKKJA (TANGERÅSHAGEN) TIL IDRETTSBANEN


For å koma til idrettsbana og skogen rundt kan me velja to ulike vegar.

Alt. 1 er gjennom Rykkja (Tangeråshagen).  
(sjå tur 1)

Alt. 2. er å gå langs riksvegen. Å gå på riksvegen er ikkje kjekt med mange små born og få vaksne (jmf. rammebetingelsane i barnehagen).



Ein ser her bilde av ein vanleg situasjon når ein går på tur. Borna tykkjer det er spennande med store bilar og bussar, men det er eit stort ansvar for personalet å gå på riksvegen, ingen sykkelsti eller gangfelt i Strandebarm som «vernar» oss for trafikken.



Alt 1. Gjennom Rykkja (Tangeråshagen)  
Me går gjennom byggjefeltet og ned i ei lita fjøre.  
Fjøra er friområde som barnehagen kan nytta her er det småstein, tang og av og til krabbe og kanskje me finn ei tangloppet!

Her i frå kan ein fortsetja vidare gjennom eit beiteområde (bhg. har avtale med grunneigar) og gjennom endå ei fjøre, til før me kjem til ein skogsteig ved sida av den nye idrettsbana i Strandebarm.  
Her er det fint å leika og springa og nista smakar alltid godt!

Men vegen er lang og dei minste vert trøytte i beina og det er langt å gå tilbake til barnehagen når ein har små føter.

# SØRASTOVA

På Sørastova er borna i alderen 3 til 6 år.

Borna som går på denne avdelinga nyttar og sjølvsagt tuområde 1 og 2, men desse borna er eldre og kan gå lengre turar og har derfor fleire tuområde i nærmiljøet å gå til.

## TUR 3

### TUR TIL HOLENE OPP FORBI TANGERÅSFELTET

Onsdag 08.08.01

4 gutar i alderen 4 og 5 år på tur med ein ”vaksen”.

På denne turen kryssar me riksvegen ved skulen og går gjennom Tangeråsfeltet (bustadfelt overfor skulen). Området kan nyttast heile året, bortsett frå når det er snø og is. Her er det store steinar å klatra på, «tunnelar å krype inn i, slyngplanter, ekornbol, sopp og lauvskog som borna utforskar og leikar i.

Glimt i frå turen:

M 5 år: «sjå her har det vore ikodn, her er det spindelvev»

E 4,5 år: «Ja, det er derfor det er så mange nøtter»

T 4 år : «Detta blir ikkje lett» (han er på veg å skal klyve opp på ein stor stein.)

M : «sjå då voksne - ein sopp!»

E : «ikke gå i den tunnelen- bere se på den»

M: «då hadde vi fått blo - da e farligt»

E: « ja visst noen skubbet»

T: « her er masse nøtter, då bur dei her»

M: « her trur eg det er godt for dei å bu!

E: « nå er jeg her det er sol. Se!» (Han står i krattskogen akkurat der det kom solstrålar inn i skogen. Han går litt og klatrar opp på ein stor stein.)

E: « Nå er vi 9 meter opp i luften!»

D: « nei mykje meir 90 x90»

T: « Å da va bratt»

(alle 4 gutane klyv, krabbar opp på den kjempestore steinen.)

Me går ned til skogs bilvegen.

D: « Masse bjørnebær»

E: « Bjørnebær hva er det?»

”Den vaksne” viser forskjell på eit bringebær og eit bjørnebær

Alle smakar og meinar bringebær er godt - bjørnebær var ikkje godt

Kommentarar etter turen:

M 5 år: « Da va flott med tunnelane og når me kunne klyva opp på dei kjempestore steinane.

Da e dei største steinane i Norge»

T: « Da va gøy»

D: « Eg trakte ned i ei hola»

E: « Jeg har aldri sett slyngeplante før»

## TUR 4

### TIL RISAEHLVA OG RISAFOSSSEN

Borna som gjekk denne turen er alle med i "Måndagsklubben" vår. Det er klubben for dei eldste borna i barnehagen. Alle 9 medlemmane er fødde i 1996, og dei skal alle byrja på skulen til neste år. Desse borna går tur saman kvar måndag heile året. To i personalet er med på turane.

For å koma til denne plassen føl me riksvegen. Me brukar ca. 20. min. frå barnehagen til me er framme på plassen. Ned forbi ein høg foss deler elva seg i to fine øyer med små tre og buskar.

Kommentar frå borna: "sjå på det kvite såpeskummet" "Her er det fint å hoppa på steinane. Dei mest øvde viser dei andre : "kom her - her er det lettare." "Eg ska visa deg". I dag hadde me regnklede på – i periodar velta vatne ned. Eit par av borna vart trøytte og ville tilbake til barnehagen. Dei andre borna var opptekne av å studera sopp, kjempe høge grantre. I ein fin opning åt me nista vår, og me sat på eit fint moseteppe! Til dessert plukka me blåbær.

Kommentar etter turen: "korfor regnar da så mykje i dag?"

## TUR 5

### TUR TIL EVJO


Måndagsklubben på tur 27.08.01

Me gjekk igjennom "Ploganesfeltet" mot Laksnes og vidare langs Seljebakkane. Dette for å kunne gå minst mogeleg på riksvegen. Ved bensinstasjonen må me gå opp og langs riksvegen inn til kyrkja på Bru. Evjo er ei stor sandstrand som ligg ned forbi kyrkja. På stranda fann borna små og større strandkrabbar, fine skjell og store og små steinar. Alt vart undersøkt nøye med forstørrelsesglas.



Sandslott i ulike former vart pynta med skjell og blomar. Me lagde små vardar slik at me såg det fjæra – det gjekk fort. Maten smaka godt og kakaoen var endå betre. gut 5 år- sit på graset og no er han ferdig å eta, han har fylgjande spørsmål: "Kan eg få gå frå graset?"

Den fyrste delen av tur 5 går gjennom bustadfelt og sidevegar – denne delen av turen går og dei yngste borna, bortsett i perioden f.o.m. mai t.o.m. sept., då ein liten del av turen går over dyrka mark. Draumen her er å få ein avtale med grunneigar om løyve til å gå på ein liten sti i utkanten av eigedommen, slik at ein kan unngå alternativet som er å gå langs den smale riksvegen.



## TUR 6 I SKOGEN BAK SKULEN – RULLEBAKKANE OG SVARTABERGET

03.09.01 Måndagsklubben på ny tur.

På denne turen kryssar me riksvegen og går opp bak skulen, me klyv over to brue og ein bekk - her måtte alle drikka! Og forbi masse bjørnebær kratt – der åt me masse! Regne hølja ned i dag, og det er tredje måndagen på rad at borna er på tur i regn. Borna hoppa i myrhol og vassa gjennom kratt og hadde eit høgt tempo. Opp på Svartaberget gjekk me, langt frå kanten men me så ut over heile Strandebarm. På vegen ned igjen stoppa me i "Rullebakkane" dette er innmark men me får lov å vera der om hausten etter at graset er sleie og framover mot våren. I "Rullebakkane" - ja kvifor kallar me dei det? Fordi me rullar oss nedover bakkane vel!! Full fart og gledeshyl!!!!

Strandebarm 28.09.01

Marit Linga Lysen  
styrar


Vedkraa: Strandebarm barnehøje

Strandebarm  
Mållestørrelse: 1:4000  
Dato: 29/8/2001

Børnehøje

mangler  
gengang  
- tur 5

TUR  
5



# **OMA**

# **BARNEHAGE**

**Uteområde som vert nytta:**

- 2. Hunahytta – ligg på privat grunn.**
- 3. 100 m skogen – område like ved  
barnehagen er regulert for industri.**
- 4. Vikefjøra – ligg på privat område ?**
- 5. Gjerde – elva**
- 6.Teltplassen – privat**

# **"Barnetråkk"**

## **rapport frå Oma barnehage.**

04.09.01

**Dei vanlegaste turområda våre:**

- ◆ Opp til "hunahytta" vår
- ◆ 100- m- skogen
- ◆ Vikefjøra
- ◆ Gjerde-elva
- ◆ Teltplassen

**Alle desse stadene ligg i gangavstand frå barnehagen, og med tida til hjelp klarar alle borna å gå heile vegen.**

**"Hunahytta":**

Hunahytta er eit tre som det er bygd litt tak og levegg rundt. Planen er å gjere den tettare for regn, då me gjerne sit her og et maten vår. Det er mykje skog rundt hytta, og rett bort er det bratt bakkje til å rulla seg i. Om våren og sommaren er det mange fine blomar her.

Vegen opp er variert , me går på asfalt, innom bringebærkratt, over ein lang bakke, langs traktorspor og i kupert skogsterreng.

Det er mykje å sjå på vegen og det er ikkje alltid me går heilt opp, for når me kjem til spøkjelseshuset er det ikkje så lett å gå vidare. Det er så spanande å sjå inn glasa og luska rundt huset. Borna ser både heksa, troll og spøkelse.

Dessutan er det ein fin platting å eta nista si på.

Og om vinteren er det fin akebakke her og av og til issklia på traktorvegen.

Me kan og gå ein litt lengre og tyngre veg fram til hytta, den passar best for dei største borna.

Går berre 50 m på riksvegen , resten av turen er det 0 trafikk ☺

Området ligg på privat grunn.

**100m – skogen:**


Det er ein tett liten skog, som me ser frå barnehagen.  
Me går eit lite stykke på riksvegen og så er me der !  
Her er det gøymplassar, gyngetre, “høgt fjell” , jungel og mykje, mykje  
meir alt etter kva fantasi ein har.

Her kan me gå vidare gjennom ein “ nedlagd ” frukthage (mmmmm), - her  
møter me alltid kattar - , og så vidare attende til barnehagen.

Sidan dette området ligg så nærme , går me ganske ofte her.  
På vinteren frys det av og til is på myra som ligg i kanten av skogen, så der  
driv me med maling, “spikking”, skliing.....

Områder er privat, men regulert for industri.

100 M SKOGEN



-Sopp, gigtig  
-Björk  
-gröngrodor  
-nista  
-markle

### Gjerde-elva:

Her går me på elvaklatring.

Det er særleg på våren etter at snøsmeltinga er over at me klatrar i elva.

Ein vaksen går på tur med 2-4 born , alt etter alder og utvikling.

Elva byr på mange utfordringar og det kjem som oftast våte sokkar m.m.  
heim at til barnehagen.

Dette held me på med kvart år, men det er så spanande å få vera med .

Me må gå eit stykke på riksvegen for å koma bort til elva, men det går fint  
med så lita gruppe.

### Teltlassen:

Det er Oma skule som har sett opp telt som dei brukar i  
uteskulen, me er så heldige å få bruka det.

Det er eit stort militærtelt, med lys og vedomn. Me brukar ikkje omnen-  
mat lagar me heller på stormkjøkken og me er ikkje så lenge i ro at me  
fryse.

Elles er det elva som er det store trekkplasteret her, pluss eit berg som  
passar flott til fjellklatring ☺

Når me skal til teltet går me gjennom eit gardstun og forbi ein revagarde.  
Det er kjekt å få med seg på turen. Ikke minst er det vanskeleg for nokon å  
forlate den gamle traktoren som står der så ene og forlatt.

Teltet ligg sånn til at me kan gå ein annan veg heim att, det er litt artigare.

Området er stort og oppleves litt uoversiktleg for oss vaksne.

Teltet står på privat grunn.


Vikefjøra :

Det er veldig kjekt å ha ei fjøra å gå til. Denne fjøra "vår" er lita og oversiktleg. Her er masse fine steinar- det kan nok bli litt tungt i lommer og sekker på heimturen. Ein sjeldan gong finn me krabbe, men tanglopper og anna småkryp aular det av.


Som det viser på bilda , tenner me ofte bål her og så spiddar me noko til lunsj.

Me må gå eit stykke på riksvegen for å koma til fjøra, det er ikkje så kjekt. Men det siste stykket går me på ein traktorveg og der veks det bringebær, blomar, nøtter – så der kosar me oss.

Fjøra ligg på privat område.







# **MUNDHEIM**

## **OPPVEKSTSENTER**

**(BARNEHAGEN)**

### **Uteområde som vert nytta:**

- **Fjøra på Mundheim**
- **Beiteområda i Mundheimsdalen**
- **Nes- halvøya – som hører til Nestunet**
- **”Trollskogn” – oppmed kyrkjegarden på Mundheim.**
- **Dei ulike skogsvegane.**

Til

barneas rep.

august 2001

## RAPPORT

### Mundheim oppvekstsenter, barnehagen. "Barnetråkk", friområde som barnehagen nyttar.

På Mundheim vart føra i sentrum mykje nytta igjennom alle årstidene, men kanskje minst på den kaldaste vinteren. Her leitar me etter alle slags småkryp og krabbar, og me tek gjerne med oss steikchella vår og steiker pannkaker i fjørsteinane. Dei yngste borna har hatt stor glede av å spa i den fuktige, finkorna sanden for så å kunna laga all slags former av den. Vatn og sand vert som kjent ei herleg røra for små barnhender, og her er det nok tilgang og ingen restriksjonar.

Beiteområde i Mundheimsdalen byr på mange spennande turar, her finn me hidlar som me kan gøyma oss inni, store steinar som me kan klatra oppå, formasjonar i naturen som set fantasien i sving og aktiviserar til alle typar rollelek. Ein del av desse områda har også fine bakkar til å skri på akebrett i, fullt så lett er det ikkje å nytta desse plassane til å gå på ski.

Når me har skiaktivitetar nytta me oppvekstsenteret sitt område, men då det er lite kupert tek me gjerne skidagar inne på Nes halvøya. Bakkane som høyrer til Nestunet er ypparlege for skigåing både for liten og stor. Heile oppvekstsenteret (frå dei minste i barnehagen til 7.kl) har hatt fast skidag her dei siste åra. Området vart nytta gjennom heile året både til turar og aktivitetar, det er bl.a. cit frodig vatn, Nesvatnet, som ein kan bruka til ulike oppgåver innan emne natur. Kulturlandskapet er særdeles velhaldt i dette området, og barnehagen har høve til å gå på gardsbesøk her. På dette området har også barnehagen vore med på hjortjakt med lokale jegera, og det er mange moglegheiter for skogsturar. Oppvekstsenteret vil i løpet av neste barnehage/skulcar gå til innkjøp av lavvo som skal setjast opp i utmarka her, og ein vil såleis nytta området meir både i barnehagen og skulen.


Bakkane oppe med kyrkjegarden på Mundheim fører oss opp til ein tett granskog som borna kallar for "Trollskogen". Her går me på sopptur og her finn me mange konglar. Ein liten bekk renn igjennom skogen og den er alltid spennande å leika i. Me leitar etter dyrespor her, og av og til set me oss berre ned og lar fantasien vandra fritt om alt det som me høyrer, luktar, ser, kjerner og smakar. Skogen er så tett at den gjer oss litt ly når det er masse regn samstundes som den er spennande. Denne skogen vart ofte nytta på enkle turar for her treng me ikkje gå på noko trafikkert veg før me kjem ut i naturen. Bakkane oppe med kyrkjegarden er også fine til akebakkar.

Dei ulike skogsvegane på Mundheim vart brukt til fotturar, og dersom ein har born med bevegelsevanskar og liknande er dette fine område å gå på då ein t.d. kan nytta vogn.


**Mundheim oppvekstsenter  
Barnehagen**

**Anne-Karin Laupsa Nes  
Pedagogisk leiar**


*Anne-Karin Laupsa Nes*



Her har Anna fyldt kommere  
med stein.




UT PÅ TUR ALDRI SUR



Kristoffer i farta



Hela på snö är spennande.




Fler har vi funnet Kaptein Sabeltannsskuta midt i skogen.




Smakte supper godt eller?



Hotdag på stormbjøkken smakte  
godt.



SUPPETUR.





### Hva er en barnehage?

Spørsmålet kan lede tankene i mange retninger, ikke minst i filosofisk retning (hva er egenlig en barnehage, das Ding an sich?), men la oss et øyeblikk se på barnehagen som organisasjon. Vi ser at både i Norge og ellers i Skandinavia er det i dag stadig flere kommuner som slår flere barnehager sammen til én organisatorisk enhet med en leder. Vi får dermed enheter (barnehager) med enhetsledere (styrere). I Trondheim er de f.eks. i gang med å redusere 60 kommunale barnehager til 44 enheter, og dermed også «redusere» 60 styrere til 44 enhetsledere. I Trondheim sier de også åpent og ærlig at dette gjør de for å spare penger.

*Er dette et angrep på kvaliteten ved barnehagene?*

Vårt ståsted er at utvikling og endringer i barnehagesektoren i utgangspunktet er bra. Bare en sektor i endring og utvikling er en sektor i kvalitativ vekst. Det er selvfølgelig bakvendt og beklagelig at motiveringa for endring i Trondheim og andre kommuner er å spare penger, men endringsprosessen kan likevel bli av det gode. Poenget er hvordan prosessen blir, ikke hvordan starten var. Selv med fall i starten kan en vinne 50 km i OL.

Derfor: uansett utgangspunkt, la oss bruke vår kunnskap og vår makt til å styre alle endringer i positiv retning!

*Re Petel*

# Kva meiner borna?

*Kvam kommune i Hordaland har vore med i eit prosjekt om born og unge sin plass i kommunal planlegging.*

*Innhenting av data frå barnehagar og skular i Kvam vart starta hausten 2000, men det er i desse dagar resultatet skal presenterast for rådmann og politikarane i kommunen.*

*Av Elin Eriksen Ødegaard*

Jakta på barneperspektivet er ei spanande jakt. Utstyrt med interesse for kva born meinat og med «Program Participatory Learning and Action» i ryggsekken la barnehagekonsulent Jorunn Øyen og pedagogisk leiar i Ålvik barnehage Ann Christin Olsen ut på denne jakta. Turen gjekk til alle barnehagar og skular i Kvam kommune.

### Born og unge har rett til medverknad i kommuneplanlegging

Målet var å få born og unge sine interesser så tidleg som mogeleg inn i planlegginga og byggjesaks-handsaminga i kommunen. Etter bygningslova har nemleg born og unge rett til medverknad. Kommunane skal ha rutinar som sikrar at omsynet til born og unge alltid er med i saksframstillinga i plansaker. For kva er det som ofte hender med barnehagane sine nærområde?

Vi kjenner til mange eksempel der areal som born brukar til leik og rekreasjon, blir tatt i bruk som byggjeland eller vegutbygging. Politikarane vil knapt gjere born vondt, men dei er kanskje ikkje vande med å tenkje at det arealet med den fine utsikta som kunne verte eit fint bustadom-



rådc også er ein super akebakke. Kan hende har dei gløymt sine eigne «magasug» frå aking i barndomen. Men korleis skal ein sikre at borna si røyst vert høyrd i slike saker? Born og unge har mange meininger og er meir reflektert enn vi vaksne mange gonger trur. Dei er ikkje alltid informert om endringar som vaksne planlegg og som har stor innverknad på deira eventyrskogar, hundremeterskogar, akebakkar og rumpetroldammar.

### Korleis få vite born sine meininger?

Metoden *Participatory Learning and Action* (PLA), blei utvikla i Afrika og særleg brukt i Uganda.

*Forts. neste sider*

Når ein var på tur i nærområda kunne dei vaksne leggje merke til kva for leikemiljø barna oppsøkte. Kva leika dei der og kva sa dei om staden? Ein kunne også be ungane teikne kva dei hugsa når dei hadde vore ute. Slik kunne ein kartleggja heile kommunen. Men særleg viktig er nærområda til barnehagen. For di lengre vekk eit område ligg, jo sjeldnare vert området nytta.

### Fuglaskogen

Ann Christin fortel om Ålvik barnehage sin skog, Fuglaskogen. Her er det eit utfordrande terreng for barna med store steinar. Personalet i barnehagen har klift ned nokre buskar og kratt for at det skal vera lettare å kome seg fram. Denne skogen vert mest brukt av dei eldste barna i barnehagen. Det tar ca. ein halvtide å gå og difor er det helst dagsturane som vert lagde dit. Her er også ein lang akebakke om vinteren, kanskje den einaste trygge akebakken i Ålvik, der ein ikkje treng vera redd for bilar og anna trafikk. Ein akebakke er ein særskilt viktig kvalitet for ein barnehage sitt nærområde. Det må politikarane få vite slik at dei ikkje finn på å bruke dette området til bustadbygging meiner borna i Ålvik barnehage.

Her inne i Fuglaskogen er det kjekt å vere. Dei vaksne har hengt opp slengtau og laga ein stor vev mellom to tre. Velen veks for kvar gong borna vitjar skogen. Dei lever med surbladstilkar og strå som dei finn. Her er mange fine leikeplassar. Nokre buskar dannar ramma for butikkleiken. Her er stort utval i sopp og surblad. Dei sel til og med godteposar om ein skulle få

litt søthunger her ute i skogen. Men det kostar mange pengar og der bak stubben ligg minibanken. Her kan ein ta ut 1000 millionar kroner om ein vil! Men det finns tjuvar i denne skogen. Dei stel pengar i butikken! Men det var ikkje så farleg som somme trudde før politiet kom og tok dei. Dei blei sett i fengsel innimellom dei store steinane. Det er ikkje så lett å rømme derfrå, men nokre tjuvar klarar å rømme, så stel dei igjen! Blir ein for sveitt av å vera tjuv eller politi så er det godt å mosen er mjuk og at det finns tre med gode sitje og liggegreiner. Litt kvile og ro kan fugleskogen også gje. Når politisirenene har sluttat å lyde kan ein kanskje få høre fuglesong. Her bur det nemleg både svarttrost og meiser.

### Utfordringane

Tid til fordjoping og skriving er ein velkjent utfordring i barnehagar. Jorunn har møtt kampen om tida med å bruke personalet som er i aktiv sjukemelding. Dei som for eksempel har skade i ein fot er kan hende ikkje særlig brukande til å gå på tur, men kan i staden for koordinere og skrive, her har det vore gode ressursar å hente både i barne og ungdomsarbeider- og i forskulelærergruppa.

Mange som driv med prosjekt- og utviklingsarbeid er i kontakt med lokalpresse. I dette prosjektet vart det jobba med å få journalistane til å ha tru på prosjektets idé. Dei lurte først på om ungane vart manipulerte. Det er ein utfordring å kommunisere faglege synspunkt til dei som ikkje har den same faglege bakgrunn som dei som arbeidar i

barnehagen har.

For å styrke trua på prosjektet, la Jorunn vekt på at det skulle vere borna sjølv som la fram resultata. På eit møte med oppvekstkomiteen i kommunen var det borna som fortalte til lysbilda. Dei fortalte om buskar der det budde «hattifnatter» og om utedoen bak steinen. utedoen hadde dei vaksne i barnehagen aldri hørt tale om. Dette syner oss at barneperspektivet ikkje alltid er det same som vaksenperspektivet. Då Jorunn spurte oppvekstkomiteen om kva dei hadde lært av prosjektet, var svaret: *Eg har lært at vi må ta vare på områda i nærleiken av barnehagen.*

### Vert born teknale alvorleg?

At born har rett til medverknad treng ikkje bety at born får bestemme. Det er framleis vaksne politikarar som tek avgjersler også i Kvam kommune. Men når born sine meningar, opplevelingar vert systematiserte, når utsegn og teikningar vert tolka og analysert, når bruken av areal vert dokumentert med biletar og presentert for dei som tar avgjerslene, får ein vona at borneperspektivet vert tatt omsyn til. Oftast er det økonomien som styrer, men det er kan hende lønnsamt for Kvam kommune at barn og unge trivs der dei bur. Fråflytting er eit problem for mange småkommunar. Eit godt oppvekstmiljø er ei lønnsam investering!

Interessert i fleire opplysningar?

Kontakt

[Jorunn.Oeyen@kvam.kommune.no](mailto:Jorunn.Oeyen@kvam.kommune.no)

